

11.05.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn:

Tura småkraftverk v/ Tura kraft AS

Saksnummer: 200905878
Registreringsnummer: 4796

Kvammedalselvi Kraftverk v/ Kvammedalselvi kraftverk SUS

Saksnummer: 201200880
Registreringsnummer: 6626

Vi syner til NVE sitt høyringsbrev av 12.01.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt i papirformat frå Kvammedalselvi kraftverk. For Tura kraftverk ble søknaden lasta ned då papirformat aldri ble sendt av konsesjonssøklar. Fråsegna er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om, og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Omsøkte kraftverk ligg i Vik og Aurland kommuner. Vik Turlag og Aurland Turlag er Sogn og Fjordane Turlag sine medlemsorganisasjonar i områda.

Om friluftsliv i området:

Både dei omsøkte kraftverka ligg i eit internasjonalt viktig friluftsområde/reiselivsområde ved inngangen til dei Vestlandske Fjordlandskap som er på UNESCO si verdsarvliste. Sjølv om det eigentleg er Nærøyfjorden som er registrert på Unesco sin liste. For Vik kommune syner ein til Turkartet for kommunen (målestokk 1: 50.000) for å synleggjere det turstinettet som Turlaget i Vik brukar. Her er 65 turar innteikna. Aurland har eit brukande turkartgrunnlag i Norges serien kartblad 11047 Aurland, kartside 32F08. (Målestokk 1: 50.000).



For turlaget er ikkje nokon av dei omsøkte utbyggingane i *stor konflikt* med brukerinteressene idag., sjølv om ein har merknader til utbyggingane og framlegg som kan bidra til å ta betre vare på naturmangfaldet. Det er viktig å ivareta naturmangfaldet sjølv om det i året 2015 skulle vere liten konflikt direkte knytt til turlaget sine aktivitetar, kan dette i framtida endre seg. Naturmangfaldet har ein eigeverdi som ein veit NVE er i stand til å vurdere.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

For dei omtala søknadane gjeld fylgjande data:

slukeevne i prosent av middelvassføring :

Tura 200 %

Kvammedalselvi 221%

Slukeevne er eit uttrykk for kor mykje vatn som vil gå til turbinane i forhold til middelvassføring. Om ein fanger opp alt vatn til einkvar tid, vil elva ikkje føre vatn anna enn eventuell minstevassføring, dersom NVE har satt vilkår for det.

Slukeevne har over tid (15-20 år) endra seg og verte auka frå 100% - 250%. NVE har i same periode endra krav om minstevassføring slik at det i dagens vilkår er ein større mengde vatn som skal renne som minstevannføring i elva.

Stor slukeevne vil føre til at mindre vatn renn forbi inntaket til elva i perioder med nedbør som er over det som inntaket kan «sluke» unna. I elva nedstraums inntaket vil det oftere førast lik mengde vatn (minstevassføring). Flom vil verte sjeldnare. *Flom påverkar naturmangfaldet og er viktig for økosystemet.*

Begge søknadane har ≥ 200 % slukeevne. Dette er mykje, men truleg naudsynt for i det heile å kunne rekna seg fram til ein utbyggingkostnad som er mogleg realiserbar. I søknadane er fylgjande utb. kostnad komme fram:

Utbyggjingskostnad:

Tura kr 2,90 KWh

Kvammedalselvi kr 3,10 Kwh for hovudalternativet kr 3,40 for alt 1.

Kostnadane er rekna utfrå føresetnadene i KS. Dersom NVE pålegg t.d. større minstevassføring eller flyttar inntaket eller plaserar kraftstasjonen lengre opp i elva kan dette påverke utbyggjingskostnadane og den vil gjerne verte høgare.

Samfunnsnyttan av tiltaket vil måtte vege opp mot verdien av å ha området urørt. Her er da og viktig å sjå summen av allerede utbygde vassdrag i eit område i tillegg til konsesjonsøkte vassdrag no.

Ein kan med handa på hjartet tydeleg og høgt seie at hér er mykje vannkraft allereie bygd ut og mykje er alt gjeve konsesjon til! Produksjonen det her søkjast om er i tillegg elvekraft som i røynda produserer strøm som har lågest pris.



Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar.

Fylkesatlas for Sogn og Fjordane har registrert i FRIDA lokalitet 140 regionalt viktig for omsøkte område ved Glomsete. Tura har naboskap til lokalitet 1417215 prioritet U geografisk verdi: L. UNESCO sitt val av Nærøyfjorden for registrering på verdsarvlista betyr mykje for område som ligg ikring i reiselivsamaheng. Ein bør utvisa varsemd i dette høve. NVE har eit spesielt ansvar her.

Kommentarar til verknadane av utbyggingane:

Naturvernutvalet har fått utsetjing for fråsegnsfristen, men har likevel ikkje kunne føreta synfaring. Vurderinga her er etter kjennskap til området og ein vil be om invitasjon til synfaring med NVE seinare for å gjere forsøk på å vurdere konsekvensane for landskapet og økosystemet i influenseområdet.

Tura kraftverk

2.2.2 Overføringer Vestre løp ynskjust overført. Ein påpeiker her at søkjar har til hensikt å sleppe 32 l/sek i minstevannføring. I skjema for hovuddata for prosjektet er middelvannføring 450 l/s og her er det utdelegt om her er 112 l/s inkludert frå overføringa frå vestre løp. 5 percentil er 178 l/s.

For å sikre fossesprøytonene men også for bekkekløften vil ein auka minstevannføring ha stor betydning. Overføringa kan ein vurdere å fjerne frå søknaden for å sikre verdiane som her er nemnt. Elva vil likevel framleis gå med låg vannføring samanlikna med eit normalår, slik at fossesprøytonen truleg vil verte redusert.

2.2.8 vegbygging, sitat :»med stigningsforhold slik at den også kan brukast til skogbruk». Her er viktig at vegen i det heile er planlagt med tanke på *kva driftsform ein ynskjer å anvende ved uttak av skogen* og i tråd med overordna vegplan for skogsvegbygging utarbeid av fylkesmannen. Dette er viktig for å unngå fleire vegtrasear enn nødvendig i lia, noko som har betydning for det estetiske ved utbygginga men også for faren for flaum, ras og erosjon. Fleire vegar kan bidra til å destabilisere massene ved spesielle værtilhøve. Kostnad ved vegen må delast og utgift for kraftutbygging må tilleggast kostnadsoverslaget for Tura kraftverk. Ein må ved synfaring og vurdere evt taubanedrift til anlegg av dam/røyrgate. Vegen skal klassifiserast som landbruksveg og handsamast etter reglane for landbruksveg.

Kvammedalselvi Kraftverk: Spesielt for denne utbygginga: 5 naturtypelokalitetar! Raudlista vegetasjonstype elvemosesamfunn, del av bekkekløftlokalitet finnast også her. Området ligg høgt, men har likevel sitt preg av aktivt bruk. Tilstrekkeleg minstevannføring her i eit sårbart høgtliggjande område med spesielle føresetnader, vil vere avgjerande for vegetasjonstypen elvemosesamfunn. Nærleik til regionalt viktig FRIDA lokalitet. SFT Naturvernutvalet vil be NVE vurdere minstevassføringa i dette prosjektet spesielt. Synfaring seinare vil avklare forhold i tilknytning til det estetiske.



Samla belastning:

Sogn og Fjordane fylke har alt bygd ut ein enorm vannressurs pr idag, Aurland kommune har «Aurland 1» med installert effekt på 675 MW og ein produksjon på 2407 GWh! Stølsheimen er kraftigt utbygd lengre vest, her er Østerbøvassdraget under bygging. NVE er nok godt kjent med aktiviteten rundt heile Sognefjorden. Det manglar ikkje på kraft i dette fylke. Tura og Kvammedalselvi vil begge produsere elvekraft. Som før nemnt er det ikkje stor konflikt i forhold til turinteressen, men naturvernutvalet er svært skeptisk til at den massive utbygginga fører til for få urørte vassdrag med kvalitet «urørt» og med økosystem som er autentiske og intakte. Desse urørte vassdraga kan ved eit seinare høve vere til stor nytte i forskningssamenheng og for å hauste genmateriale som kan vere ødelagt i andre område. Det er ikkje eit land i verda så langt nord som har eit så godt klima. Globalt sett er vår natur eit lite under i seg sjølv! Det som finnst av liv her under desse forhold er verdt å ta vare på. Det er tilpassa klima- og temperaturmessig, i forhold til daglengde og akselerasjon av daglengden om våren. Mykje er viktig, men ofte kjem me på det for seint! «Bruk føre var prinsippet»

Samandrag av Turlaget sitt syn på framlagde høyringsdokument

Ein har i det store og heile reagert på omsøkte slukeevne, på minstevassføring og på den samla belastningen av utbygde og tillatt bygde kraftverk kring Sognefjorden. I Kvammedalselvi er forholdet til eit sårbart økosystem svært viktig. Tura kraft treng ein vurdering av veg som både kraft og skog kan vere tente med. SFT vil vurdere evt andre sider ved utbygginga ved synfaring seinare.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 97674654, E-post: rono@online.no

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Ron Overdevest (sign.)

